

Tilskot til kommunale trafikktryggingssplanar 2020 - nøkkelinfo om søknadane

Frå søknadane

| Kommune | Gjeldande/siste plan | Plantype ny plan | Administrativ/politisk forankring | Organisering av planarbeidet | Medverknad - korleis og kven? | Viktige milepår og framdrift | Ved bruk av konsulent: Arbeids-/rolledeling | Samla kostnadar | Søknadssum | Eigendel |
|-----------------------------------|---|------------------|--|--|---|---|--|------------------|------------------|------------------|
| Aurland | Gjeldande plan er frå 2013. Vedteke i KS 015/2013 | Kommunedelplan | Kommunedelplan for veg og trafikk inngår i arbeidet med rullering av alle kommunedelplanane som Aurland kommune har anvar for. | Tverrfagleg administrativ arbeidsgruppe som legg fram framlegg til revidert plan til kommunestyret. Arbeidsgruppa består mellom anna av rep. frå: Politi/Lensmann/tenesteleiarar skule/bhg/drift og planavd. Aurland kommune/Trygg trafikk/Staten vegvesen/Vestland fylkeskommune. | Kunngjering av oppstart av planprosess, med oppmoding om at mellom anna lag/organisasjonar/skule/barnehage kjem med innspel til tiltak. Høyring av revidert planutkast. | Hausten 2020: Etablering av arbeidsgruppe/kunngjering- gjennomgang av gjeldande plan. Vinter/vår 2021: Revisjon av gjeldande plan/synfaringar og utarbeiding av revidert trafikktryggingssplan/ høyring. Vår 2021: Politisk handsaming og vedtak av oppdatert trafikktryggingssplan. | Aurland kommune vil engasjere ekstern konsulent som står føre sekretariatfunksjon og ajourføring av utkast til revidert trafikktryggingssplan. Aurland kommune har god erfaring med denne arbeidsmetodikken. | 300 000 | 150 000 | 150 000 |
| Austrheim | KDP for trafikkisikring, 2016-2023. | Kommunedelplan | Forankra politisk og administrativt gjennom vedtatt kommunal planstrategi | Kommunen ser føre seg ei liknande handsaming av neste trafikkisikringsplan [som med gjeldande plan, red.anm.]. Me lyt engasjere ei arbeidsgruppe som representerer ulike aktørar i kommunen. Som deltakar i Trafikksikker kommune vil dette krevje ei nytenking innanfor planarbeidet for trafikkisikring. Dette, saman med at gjeldande trafikkisikringsplan treng revidering, gjer at kommunen ser det som ein gunstig tidspunkt å fornye planen. | [Utarbeiding av ny ts-plan vil ta utgangspunkt i utarbeidinga av gjeldande plan, red.anm.] Gjeldande trafikkisikringsplan utarbeidd i samarbeid mellom Austrheim kommune, Hordaland fylkeskommune, Trygg Trafikk, Statens Vegvesen, Politiet, FAU Årås skule, Årås skule, FAU Kaland skule, Kaland skule og Norconsult (konsulent og oppdragsleiarar for prosjektet). [...] Vidare vart det og kartlagt utryggleik blant skuleelevar, organisasjonar og innbyggjarar i kommunen. | Austrheim kommune ser føre seg å starte med ny trafikkisikringsplan så fort det lar seg gjere. Om ein ikkje møter uforutsette utfordringar eller forsinkingar, set kommunen som målsetting at planverket skal vere ferdig utarbeida til byrjinga av 2021. Me tar høgde for at ein treng om lag 10-12 månader totalt. | Konsulent skal bidra med oppdatering av statistikk, innsamling av relevant data, utarbeiding av tiltaksliste med kostnadsberekning og utarbeiding av eit komplett planverk. [...] Arbeidsgruppa skal utarbeide målsettingane for planverket og ts-arbeidet, som skal vere styrande for prosessen. [...] Arbeidsgruppa vil utarbeide eit forslag til prioritering av tiltaka. Kommunestyret vedtek planen og prioriteringane. Arbeidsgruppa vil ta seg av det praktiske ved ein eventuell innsamling av data. Arbeidsgruppa tek seg av annonsering, høyringsprosess og politisk handsaming. | 200 000 | 100 000 | 100 000 |
| Bjørnafjorden | Os: KDP for trafikkisikring, 2018-2022. Fusa: Trafikkisikringsplan 2016-2019 (KDP?) | ? | Kommunen sitt planutval er også trafikkisikringsutval. Planprosessen har vore drøfta i og er fastsett av utvalet. Administrativt har eining for samferdsle og VA ansvaret for planarbeidet. | Eining for samferdsle og VA har prosjektleiinga. Det er oppretta arbeidsgruppe med to frå Samferdsle og VA og to frå konsulent. Det blir etablert prosjektgruppe der politi, fylkeskommune, vegvesen, trygg trafikk blir invitert. I tillegg kommunale fagpersonar (Oppvekst, barns representant). Trafikkisikringsutvalet er styringsgruppe. | Skular, barnehagar, bygdeutval, idrettslag m.fl. blir invitert til å koma med innspel tidleg i planarbeidet. Innbyggjarane i kommunen blir også invitert til å koma med innspel (kommunen si heimeside). | Oppstartmøte med etablering av arbeidsgruppa 25.6.20. Oppstartvedtak og forslag planprogram til politisk handsaming 1.10.20. Vedteke planprogram des. 20. Utarbeiding av planforlag, høyring og endeleg politiske vedtak i tidsrommet januar-juni 2021. | ABO Plan & arkitektur AS er engasjert til å utarbeida plan. Dei vil stå for oppsummering av status for eksisterande planar, utarbeiding av planprogram i samarbeid med prosjektgruppa, bearbeiding av statistikk for trafikklukker, systematisering av innspel og utarbeiding av planforlag i samsvar med arbeid i prosjektgruppe og styringsgruppe. Prosjektgruppa og styringsgruppa vil utarbeida forslag til prioritering av tiltak som blir ein del av planen. | 330 000 | 150 000 | 180 000 |
| Bremanger | KDP trafikktrygging 2013 - 2016, revidert 18.12.12 med revisjon av handlingsplanen i sakene FSK-120-2017 og FSK-018-2020. | Kommunedelplan | Oppstart forankret i formannskapsvedtak. Planprosessen skal styrast av avdeling for plan og forvaltning, med samarbeid med aktuelle driftsjefar som driftsjef oppvekst. Planoppstart skal varsast til eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og hos lag og organisasjonar og skular og barnehagar, for deira innspel til planarbeidet. | Sjå forankring. | Det vil bli halde møte med skular/barnehagar for innspel, sjå elles første punktet om forankring av planprosessen. | Varsel om planoppstart 1. september. Utarbeidd plan innan oktober, behandling i planutvalet/formannskapet. Kort høyring før politisk vedtak innan utgangen av frist for ferdigstilling. Kommunen har i tidlegare innsend søknad sett opp ein annan tidsplan, som vart forpurra av motsegner til plansaker. | Ikkje aktuelt. | 200 000 | 100 000 | 100 000 |
| Fitjar | KDP 2014-2022 | ? | Det er vedtatt at Fitjar kommune skal lage ny trafikktryggingssplan i kommunestyret P542/40 Planstrategi og i P541 /20 kommuneplanen sin samfunnsdel. Begynner å gå tom for tiltak i eksisterande plan, derfor er det viktig med ny plan. | Planarbeidet blir organisert av ei tverrfagleg arbeidsgruppe inkludert representantar frå Trygg Trafikk. Det vil bli behov for konsulent, her vil det bli tett samarbeid. Det er viktig å få innspel frå innbyggere og andre først, planen skal ut på høyring etterpå. | Det blir viktig med medvirkning, innbyggere og andre vil bli invitert med på medvirkning, kanskje også via møte. Det blir viktig med informasjon ut. Folk må koma med innspel. Det kan vera vanlege innbyggjarar, velforeningar, andre lag og foreningar, fylkeskommune, skule osv. | Innspel frå innbyggere til planen mars 2021. Rapport ferdig aug 2021. Politisk vedtak, ut på høyring, endeleg vedtak des 2021. | Konsulent er sekretær for den tverrfaglege arbeidsgruppa. | 300 000 | 150 000 | 150 000 |
| Kinn | Kommunedelplan for trafikkisikring, Vågsøy kommune 2013-2020. Trafikktryggingssplan for Flora 2013-2020. | Ikkje kjend | Besluttet administrativt at kommunen må utarbeide ny plan. | Prosjekterende. Eget arbeid. | Involvering av skolar, barnehager, politi, fylkeskommunen, Statens vegvesen. | Trafikkisikring spesielt for myke trafikantar, som f.eks. utbedring av gangveier i kommunen | Konsulent styrer prosjektet, kommunen bidrar. | 600 000 | 250 000 | 350 000 |
| Luster | Kommunedelplan 2016-2028 - generell del pluss handlingsdel. | Kommunedelplan | Er politisk handsama som ein kommunedelplan og vert handsama etter plan og bygningslova sine krav. Siste plan vart vedteken av kommunestyret 05.11.2015 K-sak 70/15. Planen skal ha hovudrevisjon i kvart 4. år. | Det er ei arbeidsgruppe som er sett saman av einingane plan, eigedom og teknisk drift. Skular og barnehagar vert invitert til å delta i planarbeidet. | ALLE som bur i kommunen vert invitert til å koma med innspel gjennom brei annonsering i avisa og på kommunen si heimeside og facebookside. Skular og barnehagar vert spesielt invitert. | Oppstart - juli/ august 2020 - frist innspel slutt august - offentleg utlegging oktober - vedtak desember 2020/ januar 2021. | Ikkje aktuelt - det vert heller nytta konsulent på andre planoppgåver i kommunen slik at kommunal planleggjar kan "frikjøpast". Grunnen er at god lokalkunnskap i heile kommunen er viktig for denne planen. Det er rekna 150 timar på kommunal planleggjar. | 75 000 | 37 500 | 37 500 |
| Masfjorden | Trafikkisikringsplan for Masfjorden kommune 2015-2019 | Kommunedelplan | | | | | | | 150 000 | |
| Stad | Stad kommune vart etablert 01.01.20 og omfattar heile gamle Selje, Eid og deler av Vågsøy kommune. Eid: KDP veg og trafikktrygging 2017-2029. Selje: Plan for trafikktrygging 2018-2025. Vågsøy: KDP trafikkisikring 2013-2020. | Kommunedelplan | Planprosess for Stad vedteken av Stad kommunestyre i møte 13. desember 2019. Endeleg vedtak om oppstart planarbeidet vedteke i planprogram juni 2020 i Stad formannskap. | Eiga prosjektgruppe med deltakarar frå strategi og samordning samt kommunalteknikk er etablert. Organisert med jamleige møter og oppdateringar i prosjektgruppe og rapportar frå arbeid i linja. Vedlagt prosjektmandat. | Legg opp til dialog med ulike aktørar i kommunen for å oppnå ein koordinert innsats med samhandling for å oppnå felles mål om ønska samfunnsutvikling. | Jun.-aug. 2020 - høyring/offentleg ettersyn planprogram. Sep. 2020 - vedtak planprogram Stad formannskap. Nov. 2020 - vedtak høyring/offentleg ettersyn KDP. Feb. 2021 - vedtak KDP i Stad kommunestyre. | Kommunen skal nytte Nordplan AS som konsulent for samordning eksisterande planer, bearbeiding høyringer og endeleg utforming KDP for veg og trafikktrygging Stad kommune 2021-2027. | 500 000 | 150 000 | 350 000 |
| Stord | KDP trafikkisikring 2012 "2016. Denne planen som framleis vert nytta vart fyrat godkjent i Stord kommunestyre 22.05.2014. | Kommunedelplan | Planprosessen er forankra i administrativ og politisk leiing (rådmann/ordførar). | Prosjektet er organisert med ei styringsgruppe,ei arbeidsgruppe og ressurspersonar som ein tek kontakt med etterkvart. | Det skal meldast oppstart av planarbeidet med annonse og kontakt med pressa. Innbyggjarane skal gjevast høve til å koma med innspel i prosessen. Det skal vidare gjennomførast ei spørreundersøking til bamehagar, skular, vellag og andre. Torsdag 25.06.20 vedtok Stord kommunestyre samrøystes å knyta seg til Trygg trafikk sitt prosjekt "Trafikksikker kommune". Prosjektet sine retningslinjer vil verta følgd i det vidare arbeidet. | Oppstartsmøte veke 36. Synfaring, analyse og prioritering av innkomne innspel veke 42 - 44. Dokument planarbeidet oppsett av ts-planen veke 45. Møte i prosjektgruppa veke 46. Vidare arbeid med ts- planen veke 46-47. Kvalitetssikring av planen veke 47-48. Sluttføring og levering av planen ca. 15/3-21, veke 11. | TS tenester er vald som konsulent. Konsulenten skal mellom anna utarbeida eit framlegg ut frå Trygg trafikk sin rettleiar for trafikksikker kommune. Dette skal så leggjast fram for arbeidsgruppa. | 167 300 | 83 650 | 83 650 |
| Stryn | Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle 2017-2020 | Kommunedelplan | Administrativt er planprosessen forankra i kommunal planstrategi 2020-2024, der kommunedelplanen for trafikktrygging og samferdsle inngår som sektorplan/fagplan/temaplan. Avd. kommunalteknikk i teknisk etat er ansvarleg for utarbeiding og oppfølging av denne planen. Vedtak av både planprogram og sjølve kommunedelplanen er politisk forankra, sjå vedlagt planprogram pkt. 4.3 Framdrift av planprosessen | Organisering av planarbeidet er skissert i vedlagt planprogram pkt. 4.1 Organisering. Prosjektgruppe på 4 pers. der tre er frå administrasjonen pluss leiar i sektorutvalet. [...] Frå planprogrammet: Prosjektgruppa er frå teknisk sektor. Formannskapet er styringsgruppe. | Både planprogram og sjølve kommunedelplanen vert sendt på høyring til aktuelle partar og også annonsert i lokalavisa, lagt ut på kommunen sin heimeside og på servicekontoret.(sjå vedlagt vår ref. 20/554-5) [...] Frå planprogrammet: "I arbeidet med planen vil det vere fokus på å oppfylle krav til medverknad frå lokalsamfunnet, spesielt med vekt på barn, unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne". | Viser her til vedlagt planprogram side 10, pkt. 4.3 Framdrift av planprosessen. [...] Frå planprogrammet: Mars-sep. 2020 - planprogram: oppstart, utarbeiding, høyring og fastsetting. Okt. 2020-feb. 2021 - KDP trafikktrygging: utarbeiding, høyring, handsaming merknader, vedtak og kunngjering av vedtatt plan. | | 80 000 | 40 000 | 40 000 |
| Sunnfjord | Temaplan for trafikktryggleik 2020-2021 (mellombels fram til KDP er på plass) | Kommunedelplan | Trafikktryggleiksplanen vil vere ein del av kommuneplanen som skal reviderast/lagast ny for den nye kommunen. Kommuneplanen er orankra både politisk og administrativt i den øverste kommuneleiinga. | Arbeidet med trafikktryggleiksplanen er delegert til teknisk drift, som vil ha rollen som prosjektsvarleg og prosjektleiar. Av kapasitetsmessige grunnar vil det vere behov for å leige inn ekstern konsulent som kan bistå prosjektleiar. Planen skal følgje lovpålagte formelle prosessar med kunngjering, høyringsrundar, og politisk handsaming. Planen vil få status kommunedelplan. Det er ikkje utarbeid endeleg prosjektplan, men vi ser for oss å trekke inn politikere, og ressursar som representerer barn og unge, organisasjonar som t.d Trygg trafikk" Statens vegvesen m.m. | Det vil bli lagt vekt på medverknad og innspel i frå barnehagar og skular, interesseorganisasjonar, folkehelsekoordinatorar, politi, NAF, Trygg Trafikk, Vi ser for oss å nytte ulike arenaer som t.d workshop, arbeidsgrupper, offentlege møter/temasamlingar, digitale plattformer, samt utsending av plan på høyring. | [?]:Utarbeide planprogram og varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan. Desember - mars: Planarbeid (datainnhenting, arbeidsgruppemøter, temamøter, workshop, m.m.). April: Vedtak av forslag til kommunedelplan i utval for plan, oppvekst, og formannskap. April - mai: Høyring. Juni: Avsluttande planarbeid og endeleg vedtak i dei ulike utvala, formannskap og kommunestyret. | Konsulent vil få ansvar for å hente inn- og systematisere data, og utarbeide rapport. Prosjektleiar vil ha ansvar for planlegging og koordinering av prosjektet, styring av prosessar, informasjon, sakshandsaming og rapportering. | 300 000 | 150 000 | 150 000 |
| SUM | | | | | | | | 3 052 300 | 1 511 150 | 1 691 150 |
| Ramme for tilskotsordninga | | | | | | | | | 1 000 000 | |